



Nyhendebrev 1/2021

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Godt nytt år til alle bønder i Gloppen og Stad! Her kjem aktuelle nyheiter frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
SMIL	1. mars	440.000	460.000
PT del 1	15. mars		
Drenering	Løpande	350.000	300.000
Tiltak i beiteområde	1. mars	95.000	90.000
UKL Stad	Kjem vi attende til		590.000
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	800 000	800 000
<i>Overordna forvaltningsplan for hjort</i>	<i>Høyringsfrist 21. februar</i>		

SMIL

I tillegg til prioriteringane gjort i strategiplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket kjem Statsforvaltaren med ei klar oppmoding om å prioritere midlane tiltak som reduserer ureining og utslepp får landbruksdrift.

Bakgrunnen er omsynet til vasskvalitet, klimatilpassing og ressursbevaring. Til dømes vil tak over eksisterande gjødsellager vere gode miljøtiltak som medverkar til redusert ammoniakkutslepp til luft. Som tilleggseffekt vil slike tiltak auke lagerkapasiteten slik at husdyrgjødsle kan bli spreidd til rett tid i vekstsesongen, og medverke til redusert fare for avrenning til vatn og vassdrag.

I praksis vil dette bety at tak over gjødsellager og hydrotekniske tiltak vil verte prioritert høgt i 2021.



PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1

For å søkje går du til www.altinn.no og finn skjema Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Her blir du bedt om å logge inn. Du finn informasjon om korleis du loggar inn, på nettsidene til Altinn. Det er same innloggingsmetode for del 1 og del 2 av produksjonstilskotsøknaden.

Det er berre husdyrprodusentar som skal søkje del 1. som har søknadsfrist 15.mars.

I søknaden skal du oppgje:

- Tal dyr føretaket disponerer 1. mars i søknadsåret, fordelt på dyreslag
- Tal livdyr av kylling og kalkun som har blitt selt i søknadsåret
- Dersom du slaktar gris, kylling, kalkun, ender eller gjess i løpet av søknadsåret, må du krysse av for at Landbruksdirektoratet kan hente opplysningar frå Leveransedatabasen. Dersom du ikkje kryssar av, vil du ikkje motta tilskot for dyra som er levert til slakt.

I tillegg må du svare på spørsmål om gjødslingsplan, sprøytejournal, driftssenter og driftsfellesskap under fana «Eigenerklæring» og sjekke at opplysningane i fana «Grunnopplysningar» stemmer. Du kan laste opp vedlegg under fana «Vedlegg».

I søknadsskjemaet finn du hjelpetekstar som gjev deg rettleiing om felta du skal fylle ut. Hjelpetekstane finn du ved å klikke på dei blå spørsmålsteikna.

I den elektroniske søknaden finn du og søknadsopplysningane frå førre søknad.

Søkjeprosessen er to-delt

Husdyrprodusentar skal levere søknad både innan 15. mars (del 1 av søknaden) og innan 15. oktober (del 2 av søknaden). Planteprodusentar skal berre levere søknad innan 15. oktober (del 2 av søknaden).

Du må levere søknaden før midnatt på datoen for søknadsfrist for at den skal reknast som levert.

Søknaden kan leverast frå og med telledato 1. mars (del 1) og 1. oktober (del 2).

Levere søknad etter søknadsfristen

Du kan levere søknaden i inntil 14 dagar etter søknadsfristen, det vil seie innan 29. mars og 29. oktober, men då vil du få eit trekk på 1 000 kroner per dag forsinkelsen varer. Dersom du har søkt innan søknadsfristen 15. mars kan du gå inn på søknaden igjen å etterregistrere og rette i søknaden utan trekk i tilskot men då må du hugse å sende søknaden på nytt.

Søknader levert seinare enn 14 dagar etter søknadsfristen vil bli avvist.

Det er lov å levere søknaden før siste frist 😊

DRENERING

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord med potensiale for auka produksjon på areala, redusert fare for erosjon og redusert overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Trongen for drenering er stor og vi oppmodar bøndene om å nytte seg av ordninga og av den grunn har vi løpande søknadsfrist.



Slik kan det bli om ein ikkje drenerar. Foto: Norsk Landbruksrådgjeving

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

Tiltak for å stimulere til auka beitebruk i utmark. Faste installasjonar som bruer og skiljeanlegg, sperregjerde og elektronisk sporingsutstyr vert prioritert.



Geita er ein god landskapspleiar.

Døme på tiltak kan vere:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr

Felles for alle ordningane er å nytte dei slik at vi beheld ramma.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR



Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst og tilskot til skogsvegar set også krav om nyplanting. Tilskot til skogkultur skal stimulere til framtidig skogproduksjon og medverke til eit berekraftig skogbruk som gjev auka verdiskaping for skogeigar i tråd med miljøomsyn.

I dag vert altfor lite av avverkingsarealet forynga etter hogst og det er viktig både for framtidig verdiskaping og omsynet til klimaarbeidet at skogressursane vert forvalta godt. Vidare er det viktig at skogeigar driv ungskogpleie for å auke tilvekst, kvalitet og redusere risiko for skadar ved storm. Skogeigar får tilskot til både planting og ungskogpleie. Ta kontakt med kommunen om du har spørsmål rundt desse ordningane. Sjå også retningslinjene for tilskot lenger ned.



Ny granplante som skal vekse i mange tiår.

TILSKOT TIL SKOGSVEG OG TAUBANE

Føremålet med tilskotet er å auke skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom verekraftig utnytting av virkesressursane ved å legge til rette for infrastruktur slik at tømmeret kjem ut av skogen. Kommunane får tildelt ei råde frå Statsforvaltaren basert på stipulert behov i året som kjem. Råde som kommunen får tildelt vert justert gjennom året basert på innkomne søknader og planar.

Det er viktig at skogeigarar som tenkje å ta ut tømmer, går i gang med planlegging av skogsvegar i god tid før hogst og at ein også tek nabopraten for å sjå om ein kan få til større fellesanlegg. Frå kommunen si side vil større fellesanlegg ha høg prioritet. Det er viktig å tenkje langsiktig for å korleis ein kan legge til rette for uttak av tømmer og skjøtsel av skogen og kva behov ein har for å ta vare skogressursane på eigedomen sin. Ta kontakt med kommunen eller vegplanleggar for å drøfte planar slik at ein i fellesskap kan sjå på gode løysingar, gjerne i samarbeid med naboeigedomar. Sjå også retningslinjene for tilskot nedanfor.

[Retningslinjer i Gloppen kommune for tilskot til skogsvegbygging, drift med taubane, hest o.a. og skogkultur finn du her.](#)

[Retningslinjer i Stad kommune for tilskot til skogsvegbygging, drift med taubane, hest o.a. og skogkultur finn du her.](#)



Hjorteforvaltning

Høyring av den overordna forvaltningsplan for hjort for perioden 2021-2023

Det har vore skriva eit forslag til overordna forvaltningsplan for hjort i både Stad og Gloppen kommune for perioden 2021-2023. Planen byggjer på tidlegare planar, samt ei vurdering av utviklinga i hjortebestandane i kommunen.

Måla i den kommunale forvaltningsplanen vil sette rammene for den målretta tildelinga av fellingsløyve til vald utan forvaltningsplanar. Samstundes vil den og vere styrande for vald med forvaltningsplan sidan måla ikkje kan vere i strid med dei kommunale måla.


Høyringsfrist er 21. februar 2021.

[Forslag til plan i Gloppen kommune finn du her.](#)

[Forslag til plan i Stad kommune finn du her.](#)

Merkeprosjekt på hjort "Vesthjort"

Nibio kjem til å gjere eit nytt forsøk på å merke dyr i Stad og Gloppen kommune. Merka hjort kan følgjast på deira kartløyving [Dyreportalen](#). Kommunane legg ut oppdatering om tal merka dyr viss nye dyr vert merka.



Hjort i vinterlandskap. Foto: Lindis B. Østgård.

Utvalde kulturlandskap

Det blir eit møte med faglag, grunneigarar, brukarar og kommunen i slutten av februar/tidleg i mars for å gå gjennom på retningslinene ut frå dei erfaringane vi har gjort oss i 2020. Etter dette møtet vil det kome informasjon om søknadsfrist og prioriteringar for 2021.

Helsing, Hanne Marie, Odd-Harald, Lindis, Bernt, Karoline, Åse Marie og Trine